

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund - Storhornet

Dato: 27.01.2025

Tidspunkt: 10:00 - 15:30

Til stades:

Namn

Paula Næss Skår

Janne Remøy Endresen

Atle Tangen

Brit Harsem

Evy Svanemslis

Bjørn Aske

Kai Knutsen

Lasse Honningsvåg

Per Sigbjørn Øvermo

Ann Helene Skare

Leiar

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem. Deltok via teams

Medlem. Deltok via teams

2. vara for Oddrun Annie Stensø Nasvik

Ikkje møtt:

Namn

Oddrun Annie Stensø Nasvik

Meldt forfall

Frå administrasjonen møtte:

Namn

Ingrid Fiskerstrand

Stilling

Sekretær i Brukarutvalet HMR

Merknad i møte:

Pasient- og brukarombod, Hanne Haavde Stenseth deltok via teams.

Liv Johanne Ekornes (1. vara) kunne ikkje møte og difor møtte 2. vara for Oddrun Annie Stensø Nasvik.

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
2/25	Orientering frå administrerende direktør
3/25	Framtidas legemiddelforsyning
4/25	Referatsaker
5/25	Omvisning på Vardesenteret ved Ålesund Sykehus
6/25	Pasientreiser og ny rekvisisjonspraksis
7/25	Oppnemning til råd og utval - gjennomgang av oversikt
8/25	Representasjon i råd og utval - muntleg orientering
9/25	Administrativ time
10/25	Eventuelt

1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 1/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Spørsmål frå nestleiar om sykehusvert-ordning ved sjukehusa blir meldt inn under eventuelt

Vedtak

Brukerutvalget for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste

2/25 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 2/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Administrerende direktør Olav Lødemel gav brukarane ei kort orientering om saker som kjem til styremøtet den 29.01.25: Mellom anna - Revidert budsjett 2025, den økonomiske situasjonen i helseføretaket, ventelister og helseplattformen. Adm. Direktør viste til styresakene for meir utfyllande informasjon. Statusrapport for tredje tertial er ikke klar grunna sein rapporteringsfrist. Data blir munnleg presentert i styremøtet.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa fra administrerende direktør Olav Lødemel til vitende.

Brukarutvalet ser med stor uro at helseføretaket har fått ytterlegare krav til å skjerpe resultatkrava. Vi er bekymra for at dette kan gå ut over pasienttilbodet. Det er viktig at dei føreslåtte endringstiltaka blir konsekvensutgreidde og at nødvendige ROS-analysar blir gjennomførte med brei deltaking. I den samanhengen er det viktig med god kommunikasjon internt i føretaket, til pasientar og pårørande, til kommunehelsetenesta og til befolkninga elles.

Den økonomiske situasjonen vil krevje omfattande endringar i tenestetilbodet. Brukarutvalet meiner framleis at helseføretaket ikkje har fått nødvendig kompensasjon for dei kostnadene innføring av Helseplattformen har medført. I tillegg er det mykje som står att når det gjeld brukartilgjenge. Enno er ikkje aktiviteten på budsjettert nivå. Dette gir inntektssvikt og krev endå fleire innsparingstiltak.

Vi er bekymra for at dette i ytterste konsekvens kan gi føretaket problem med å gi forsvarleg helsehjelp. Pasienttryggleiken må ha første prioritet og at alle pasientar uansett bustad får eit likeverdig tilbod.

3/25 Framtidas legemiddelforsyning

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 3/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Framtidas legemiddelforsyning «endoseprosjektet» vart presentert via teams av administrerande direktør Dag Hårstad i Sykehusapotekene i Helse Midt-Norge.

Gevinster av endosar i sjukehusa:

- Pasientopplevd kvalitet og tryggleik
- Effektivisering
- Kvalitet og tryggleik
- Lagerhald, kassasjon og miljø
- Pasientspesifikke endoser

Brukarmedverknad i prosjektet:

- Brukerutvalet for sykehusapotekene blir informert jamnleg
- Regionalt Brukarutval er informert og får kvartalvise oppdateringar
- Brukarutvala i HF'ene blir halde informert av sitt HF
- Alle brukarutvala bør inkluderast på hensiktsmessig måte i utgreiing av pasientspesifikke endosar

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa om framtidas legemiddelforsyning til vitende.

4/25 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 4/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har gjort seg kjend med følgjande referat:

- Protokoll RBU 09.12.2024
- Protokoll RBU 17.12.2024
- Protokoll Brukerutvalget i HNT 12.12.2024
- Protokoll Sykehusapotekene Midt-Norge 03.12.2024
- Felles samling Ungdomssrådet 29.11.14 og 30.11.24
- Styresaker HMR

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende og støttar følgande punkt frå protokoll frå Regionalt Brukarutval 9.12.24 - pkt. 4, 5, 6, 7, 9

5/25 Omvisning på Vardesenteret ved Ålesund Sykehus

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 5/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Omvisinga vart gitt av senterkoordinator ved Vardesenteret Heidi Myhre Engelkor

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal takkar for omvisinga på Vardesenteret ved Ålesund Sykehus

6/25 Pasientreiser og ny rekvisisjonspraksis

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 6/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Orientering om pasientreiser og ny digital rekvisisjonspraksis frå driftskonsulent Pasientreiser Marita Iren Drønnen Austdal.

Ved ny rekvisisjonspraksis vil pasientreisekontora få:

- Standardiserte arbeidsprosesser
- Økt grad av samordning og samhandling
- Service til ikke-digitale pasienter med reiseattest
- Trafikale reiseattester
- Behandle søknad om kommunekryssende reiser

Behandlar si rolle ved ny rekvisisjonspraksis:

- Kan skrive ut reiseattest
- Kan rekvirere delreise
- Behandlerkapasitet frigjøres
- Bistå dei som ikkje kan endre/avbestille sjølv
- Rekvirere t/r hvis helsetilstand tilseierdet

Pasientane:

- Vil oppleve forutsigbarhet og tryggleik
- Får ei meir aktiv rolle i utforminga av pasientreisen
 - Bestille – Se – Bekrefte – Endre – Avbestille
- Digital samhandling er primær kanal for dialog
- Pasientar med størst behov for hjelp gis ein meir tilpassa oppfølging

Behandler vurderer om pasienten kvalifiserer til ein reiseattest, og må saman med pasienten vurdere om pasienten er i stand til å handtere reisebestilling på eiga hånd, anten på Helsenorge eller på telefon til Pasientreiser.

Dersom ikkje pasienten kan handtere reisebestilling på eiga hand, må reisene rekvireres som tidlegare.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå Pasientreiser om ny rekvisisjonspraksis til vitende.

7/25 Oppnemning til råd og utval - gjennomgang av oversikt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 7/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Gjennomgang av oversikt av deltagelse i råd og utval. Tabellen viser endringar som vart gjort i møtet.

Navn	Notat	Ny representant	Representant	Vara
Lokalt samhandlingsutval SNR	Kristiansund og Molde		Atle Tangen	Evy Svanemslis
Lokalt samhandlingsutval Molde	Slås sammen til SNR		Atle Tangen	Bjørn Aske
Lokalt samhandlingsutval Kristiansund	Slås sammen til SNR		Anne Grete Mogstad	Steinar Waksvik
Faglig samarbeidsutval for samarbeid om helsefremmende og forebyggende helsearbeid	Går ut		Ann Helene Skare	
Faglig samarbeidsutval for rehabilitering	Går ut		Anne Grete Mogstad	
Faglig samarbeidsutval for akuttmedisinsk kjede og helseberedskap	Slås sammen med beredskapsplaner		Atle Tangen	
Faglig samarbeidsutval for beredskapsplaner	Går ut		Per Sigbjørn Øvermo	
Faglig samarbeidsutval for barn og unge	Fortsetter	Ny: Lasse Honningsvåg	Janne Remøy Endresen	
Faglig samarbeidsutval for vaksnehabilitering	Går ut		Janne Remøy Endresen	
Faglig samarbeidsutval for digitale helsetenester og e-helse	Går ut		Lasse Honningsvåg	
Faglig samarbeidsutval for kunnskapsoverføring, forskning og utdanning, samt praksiskonsulentordninga	Går ut		Paula Næss Skår	
«Fra Floskel til handling» - samhandlingsprosjekt LSU Molde	Avsluttet høsten 2024		Ann Helene Skare	
Rus og Psykisk helse (ROP) – pasientforløp	Avsluttet		Ann Helene Skare	
Prosjekt palliativ plan	Går ut		Daniel Ask	
Forsningskomite KKR på revmatologisk poliklinikk	Går ut. Tatt inn i drift		Daniel Ask	Janne Remøy Endresen
Pasientsentrert Helsetjenestetteam	Går ut. Blir erstattet av PSHT		Daniel Ask	
Samhandlings- og rekrutteringstilskudd: PSHT Møre og Romsdal fra 2025		Paula Næss Skår		

Samhandlings- og rekrutteringstilskudd: Samhandlingsoptimalisering HP 2025 og 2026		Paula Næss Skår		
Prosjekt AIO – Knutepunkt Ålesund sykehus	Går ut		Janne Remøy Endresen	
«Stabilisering av nyfødte med intakt navlesnor og fysiologi-basert avnavling ved keisersnitt»	Har igjen formidling av resultat		Janne Remøy Endresen	
Nasjonale lunsjwebinar innen læring og meistring	Dette er blitt nasjonale - ikke rep.		Lasse Honningsvåg	
Behovstyrt poliklinikk for psoriasis: Hvordan behandle flere uten å øke arbeidsbelast. på helsepersonell	Avsluttes februar 2025		Janne Remøy Endresen	

Forespørsel til brukarutvalet HMR om brukerrepresentasjon til prosjekt knytt til tenesteutvikling:

- PSHT - pasient sentrert helse team. Klinik Volda.
- Kontaktperson: Rådgiver Siv Jensen
- Prosjektet er ein del av PSHT Møre og Romsdal. PSHT = pasient sentrert helse team - og er tverrfaglege team som arbeider proaktivt og styrkar helsetilbodet til pasientar gjennom tverrfagleg og tett samarbeid mellom Volda sjukehus og kommunehelsetenesten. PSHT sitt arbeid gjerast i ein kombinasjon av fysisk og digital tenesteyting.

Vedtak

Nestleiar Janne Remøy Endresen vart valt som representant inn i prosjekt knytt til tenesteutvikling.

8/25 Representasjon i råd og utval - muntleg orientering

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 8/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Her er ei oversikt over råd og utvalg som brukarane har delteke på sidan førre registrering.

	Navn	Deltatt
1	Paula Næss Skår	<ul style="list-style-type: none"> • 16.12.24 - Brukerutvalger i HMR • 17.12.24 - Styremøte i HMR • 18.12.24 - Møte i Strategisk samarbeidsutvalg (Helsefellesskapet) • 06.01.25 - Møte i arbeidsgruppe Barnetilbudet SNR • 09.01.25 - Arbeidsmøte Brukerutvalget • 10.01.25 - Møte i arbeidsgruppe Barnetilbudet SNR • 13.01.25 - Møte i arbeidsgruppe Barnetilbudet SNR • 20.01.25 - ROS-analyse - Barnetilbudet SNR • 23.01.25 - ROS-analyse - Barnetilbudet SNR
2	Janne Remøy Endresen	<ul style="list-style-type: none"> • 08.01.2025 - AU HMR Dagsmøte Fysisk • 17.01.2025 - IOU Bemanning hovedinngang Teams • 24.01.2025 - LSU Volda Teams

5	Kai Knutsen Sivertsen	<ul style="list-style-type: none"> • 11.11.2024 - Brukerutvalgsmøte HMR • 04.12.2024 - Kilinisk etikk-komitè • 16.12.2024 - Brukerutvalgsmøte HMR • 16.12.2024 - Kvalitets- og samarbeidsråd • 08.01.2024 - Ekstra KEK møte
6	Atle Tangen	<ul style="list-style-type: none"> • 08.01.2025 - KEK møte i Ålesund • 24.01.2025 - LSU Molde
10	Bjørn Aske	<ul style="list-style-type: none"> • 09.04.24 - Prosjekt PRETAI (Kjetil Roth) • 11.11.24 - Prosjekt PRETAI (Kjetil Roth) • 19.11.24 - Prosjekt PRETAI (Kjetil Roth) • 17.06.24 - Prosjekt ATTR (Torstein Hole)
12	Ann Helene Skare (2. Vara)	<ul style="list-style-type: none"> • 19.12.24 - Kvalitetsråd kreft og rehabilitering • 07.01.25 - Åpning av Vardesenteret • 20.01.25 - Møte barneblikk • 24.01.25 - LSU, kaldt inn som gammelt medlem

9/25 Administrativ time

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 9/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

Gjennomgang av følgjande

- Felles retningslinjer for brukermedvirkning på systemnivå frå 2025
- 2025 Reiseregning for Brukermedvirkning

Vedtak

Sekretæren i brukarutvalet HMR blir bedt om å undersøke kva dei andre brukarutvala gjer med omsyn til mandat til arbeidsutval. Jfr. Punkt 5.3 i Retningslinjer for brukarmedverknad.

10/25 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 10/2025 i møte den 27.01.2025

Behandling

- Leiar i brukarutvalet orienterte kort om korleis det blir jobba med ROS-analysen i forhold til barnetilbodet i SNR.
- Brukarutvalet HMR etterspør oversikt og tal over ferdigbehandla pasientar som framleis ligg inne på sjukehusa i Helse Møre og Romsdal
- Brukarutvalet HMR etterspør også om etablering av sjukehusvertar ved sjukehuset i Ålesund og SNR

Vedtak

Spørsmåla blir sendt over til administrasjonen for vidare behandling.